

# Dig that crazy Santa Clause (DTCST)

Framføring: 26. November 2017 i Eidfjordhallen

## Aktørar:

Voss Skulemusikk  
Vaksdal, Dale, Stanghelle skulemusikklag  
Evanger Musikklag  
Ulvik Musikklag  
Ullensvang Skulemusikklag  
Odda Skulemusikklag  
Jondal Skulemusikklag  
Herand Skulemusikklag  
Øystese Skulemusikklag  
Nordheimsund Skulemusikklag  
Eidfjord Blåseensemble  
Granvin Blåseensemble

## Genre: 50-talls Rock'n roll

Målet er å lata born og unge ta del i profesjonell konsertproduksjon, i samarbeid med profesjonelle aktørar.

## Prosjektskildring:

Hausten 2015 vart det produsert ein jolaCD med 50-talls jolarockarar som eit samarbeid mellom KulturFjorden, Twanggang, og alle kulturskulane i Hardanger. Dette prosjektet, viste å vera særstakt positivt for alle aktørar, og har skapt idegrunnlaget for dette prosjektet skildra i denne søkanden.

Regionskorpset i Hardanger har vore eit tilbod til born og unge sidan år 2000 på initiativ frå kulturskulane, med mål om å samla korpsmusikanter på tvers av kommunegrensene fordi det er mange små korps i regionen som slit med rekruttering. (sjå vedlegg).

Med intensjon om ei auka satsing innan korps for barn og unge i Hardangerregionen, har samtlige korps og blåseensemble gått saman om eit større regionalt prosjekt med arbeidstittelen: Dig that crazy Santa Clause. November 2017 skal prosjektet enda i ein stor jolakonsert i Eidfjordhallen med Heine Totaland som solist. Repertoaret for konserten skal vera 50-talls jolarockarar for å gje eit godt alternativ til tradisjonell jolamusikk.

Prosjektet skal vera eit ope tilbod til alle born og unge i korps og blåseensemble i Hardanger. Tilboden legg til rette for eit samarbeid mellom unge musikantar og profesjonelle musikkarar, og er meint å vera ein positiv faktor for å medverka til auka motivasjon ved å la born og unge ta del i profesjonell konsertproduksjon. Samstundes er prosjektet også eit godt tiltak for auka samarbeid og dialog over kommunegrensene.

**Korleis:**

Prosjektet tek form slik at alle notar og arrangement skal ligga klart til haustsemesteret, for at kvart einskild musikklag og blåseensemble skal kunna førebu seg til ei samling og konsert hausten 2017.

**Søknadsum Hordaland Fylkeskommune: kr 50.000,-**

på vegne av prosjektet,  
Kulturskulerektor i Eidfjord kulturskule, Bjørne Møen